



Plan og byggesak

Alver kommune
Landbruksavd/ ved Kjartan Nyhammer
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:
Vår: 20/2347 - 20/17845

Saksbehandlar:

Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:

02.04.2020

Reguleringsplan for Alverstraumen kai - Høyring og offentlig ettersyn

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Utval for areal, plan og miljø 11.03.2020, som sak 036/20, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentlig ettersyn.

Detaljreguleringa legg til rette for oppføring av 28 bustadar i to lågblokker. Desse vert liggjande i sjøfronten på eit næringsområde ved Alverstraumen kai. Næringsverksamheita på staden er lagt ned. Planframlegget legg og til rette for eit kamområde, småbåthamn, parkeringsanlegg og eit leikeområde m.m. Planområdet er på om lag 18 daa.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Plankart, sist revidert 23.03.2020
2. Reguleringsføresegner, sist revidert 23.03.2020
3. Planomtale, sist revidert 23.03.03
4. Illustrasjonsplan, datert 17.12.2018
5. ROS-analyse, datert 29.10.2018
6. VA-rammeplan, datert 29.10.2018
7. Merknadsskjema, datert 11.10.2018
8. Tilleggsnotat, datert 14.01.2020
9. Illustrasjon parkeringsdekke, datert 11.01.2018
10. Illustrasjon leikeplass, datert 11.01.2018
11. Illustrasjon p.plassar Bs/L, datert 13.01.2020
12. Kart svingradiusar, datert 13.01.2020
13. Snitt, datert 30.09.2017
14. Snitt og fasadar, datert 30.09.2017
15. Planvedtak, datert 11.03.2020

[Trykk her for å kunne sjå plandokumenta.](#)

Framlegg til plan vert ved høyring og offentleg ettersyn kunngjort i avisa Nordhoraland og på kommunen si heimeside. Grunneigarar, berørte naboar, lag og organisasjonar og offentlege instansar vert direkte tilskrive.

Plandokument og vedtak ligg på kommunens i heimeside www.alver.kommune.no under Høyringar og offentleg ettersyn. Grunna fare for koronasmitte vert ikkje dokumenta lagt tilgjengeleg på rådhuset eller på innbyggjarservice med det første. Om ein har vanskar med å finne plandokumenta kan ein ta kontakt med kommunen via e-post eller telefon.

Perioden for offentleg ettersyn er sett frå 01.04.2020 – 03.06.2020

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein enten nytte [kommunen sitt elektroniske høyringsskjema](#) som ligg under høyringar og offentleg ettersyn på heimesida, sende e-post til post@alver.kommune.no, eller sende brev til Alver kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til plan v/ Arealforvaltning.

Merknadsfrist er sett til 03.06.2020

Med vennleg helsing
Alver kommune

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 593	5806	BERGEN